

Møtereferrat

Møte: Tlf møte AU Midt-Norge
Tid/Sted: Torsdag 18.01.17 kl 9.30 – kl 11.30
Tilstede: Lars Morten Rosmo, Olav Håkon Ulfsnes, Ragnar Valstad, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth, Sverre Tyldum, Johan Kristian Daling, Trine Hasvang Vaag og Roy Albertsen
Forfall:
Kopi til: Vara AU, leiargruppe råvare og medlem region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidsefot Hauger

Molde, 18.01.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styremøtet 17.01 <p>Trine orienterte om krevande økonomiske tider no. Frå vårparten aukande utfordringar med kostnader. Rekneskapet er ikkje ferdig enno, men treng å løfte resultatet. Setjast inn tiltak no på tilleggsytingar og ansattssida, i tillegg kontroll på utfordringane på kostnadssida. 10 % vekst på Prior-merkevare, og marginal auke på Gilde. Pakking i papp og ny varevei med framskutt lager iverksett i 2017, har ikkje tatt ned kostnader i ekspedisjonar som føreset. Evaluerast saman med kjedene. Verdikjedeoptimalisering i forkant av SAP vert iverksett.</p> <p>Kylling: Tema på styremøtet i desember. Utkjøp av 10 hus i heile landet. God salsutvikling på kvitt kjøt. Rykter om at kyllingproduksjon vert nedlagt i Trøndelag, det må avvisast.</p> <p>Dyrevelferdsmerking: Vi anbefalar KSL og Nyt Norge som grunnlag. Bransjestyret jobbar med dette. Viktig at næringa er i forkant.</p> <p>Administrasjonen fått mandat til å jobbe vidare med omstilling i eggproduksjonen, etter krav frå industrien. 85 av behovet for 87 produsentar har meldt at dei ynskjer omstilling.</p> <p>Lønsame investeringar og kapitaltilgang i Nortura: Større investeringar stoppa i starten av 2017. Investeringsprosjekt må takast fram.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• 20 % reduksjon i adm stillingar: Tatt stilling til kva oppgåver som skal kuttast ut? Må omstrukturere i forhold til marknad t.d. på kylling. Jamføre med andre aktørar innanlands og utanlands.• Honnør til styret for handtering og vedtak på kylling. Tidlegare gjort vedtak om vekst og utvikling på linje med landet for øvrig. Fryktar eigenbetaling på inntransport.• Dyrevelferd: Vert snakka om grisbøndene i Rogaland, men viktig å skape forståing at dette gjeld oss alle, og alle dyreslag. <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	Ny Giv i kretsarbeidet <p>Brit Kari orienterte. Saksframlegg til styret sitt møte i desember var utsendt. Styret sitt vedtak: <i>"Økonomien i selskapet gjør at styret ikke ønsker å anbefale full utrulling av Ny Giv i alle kretsutvalg, men anbefaler likevel å videreføre utprøvingen av modellen gjennom</i></p>	

piloter. Styret vil overfor valgkomiteen foreslå at det innføres aktivitetsbasert godtgjørelse for kretsledere basert på den modellen som er skissert i prosjektet."

Brit Kari sitt forslag er at AU peikar ut nye pilotområde. Oversikt over kretsaktivitet 2017 var utsendt.

Innspel/kommentarar:

- Kan gjerne endre pilotkretsar. Godtgjersle etter innsats, med spesifisering for kva det vert gjeve godtgjersle til.
- Må vere rammer for godtgjersle, for ikkje å auke totalramma, må bruke same sum innanfor same ramme. Håpar eksisterande pilotar held fram arbeidet sitt.
- Må vere kost – nytte, kva type kretsaktivitet som vert støtta for auka tilførsler og inntekter. Vurdere kriteriar for kva type kretsaktivitet som verkar.
- Godtgjersle etter innsats, redusere honoraret til minimumssats, for omfordeling. Må ha betaling, vanskeleg med gratisarbeid. Levanger/Verdal/Frosta tenker fortsatt samarbeid om nybrukarsamling, o.l., i tillegg aktivitet i kvar krets.
- Finne nye pilotkretsar no, ny arbeidsmåte er innført i gamle pilotar, vil verte gradvis innført.
- Kan enkeltkretsar ha møter åleine?
- Oppsummert: Aktivitetsbasert godtgjersle, med ramme for godtgjersle, definerast kva aktivitet som vert godtgjort.
- Krets 52 Nettet/Tingvoll/Sunndal, krets 53 Hustadvika og krets 54 Molde og omegn kan vere eit pilotområde
- Krets 30 Lierne/Namsskogan/Røyrvik, krets 32 Sentrale Namdal og krets 33 Namsos/Fosnes kan vere eit anna område.
- Arbeidet må vere prioritert og målretta.
- Samarbeid på tvers av kretsar er viktig, gjev fleire idear og mogelegheiter.
- Oppfølgingsstrategi for dei som har vore pilotar.

Vedtak:

AU vedtek at Ny Giv i kretsarbeidet skal vidareførast i nye pilotområde. Brit Kari jobbar med fylgjande aktuelle pilotar :

- **Krets 52 Nettet/Tingvoll/Sunndal, krets 53 Hustadvika og krets 54 Molde og omegn**
- **Krets 30 Lierne/Namsskogan/Røyrvik, krets 32 Sentrale Namdal og krets 33 Namsos/Fosnes.**

3 Orientering frå Råvare og Medlem region Midt

Roy orienterte om info møte med medlemssenteret om tiltakspakken.

Kostnadssituasjon og nedtrekk i tilleggsyttingane vil kreve mykje av oss, ambisjon om tilførsler som i 2017. Indeks 2017 på storfe på 100,6 i tillegg storfe til Bjerka (inkl er indeks 102). Slaktehuset er største konkurrent. Sau/lam på 108,7, om lag lik med konkurrentane. Gris 100,8 i indeks. Marknadsandelar 78,3 % på storfe, 77,5 % gris og småfe 69,6 %.

I 2017 over budsjett på besøksaktivitet, inkl nybrukarar. Positiv utvikling på inntransportkostnad.

Storfe: Fokus kåringsseong på ca 310 dyr, fortsatt interesse for oppstart ammeku men redusert trykk, fokus skitne slaktedyr, fagmøter og prosjekt, grovførkonferanse. Anstrengt marknadssituasjon i fht teljedato.

Gris: Fokus dyrevelferd og griseløftet, ingris kurs og avlivingskurs, vikar Oddbjørn Kjelvik sluttar no og Ingeborg Álmo kjem att i 60 % stilling, trykk på smågrisomsetning frå konkurrent.

Livdyr: Jobbar med ny tilsetjing etter medarbeidar som sluttar, Ole Henning Okstad innleigd i kåringsseongen.

Inntransport: Jobbar med meir effektiv inntransport, bruke materiellet meir effektivt på tvers av område og returlass. Kilometerkostnad på tur og retur. Hatt møter med transportørane og dagleg leiar, skal ha møter enkeltvis no for info til sine sjåførar og underselskap. Noko motstand hos enkelte produsentar, treng hjelp frå tillitsvalde til oppfølging og informasjon.

Spørsmål/kommentarar:

- Stadig etterspurnad om produkt av sau/lam i butikk: Plan for info til produsent? Og info om prisutvikling i forhold til teljedato.
- Framleis import av ung ku? Korleis møter vi den?
- Viktig å få fram eigarrolla. Kan vi synleggjere kva vi sparer med effektiv inntransport? Distanserast frå det enkelte transportselskapet.
- Sende ut info til regionutvalet og be tillitsvalde vere "lyttepostar" for evt misnøye.

Roy

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 **Førebuing kretsmøter**

Lokale saker/spørsmål: Kva må vi førebu oss på?

Innspel/kommentarar:

- Marknadssituasjonen for sau, og sau i butikk.
- Dyrevelferd, økonomi og resultat i Nortura, inntransport – særleg i Innherred og Namdalen. Transportørar byr om kapp på smågristransport utanom Nortura, fakturerer direkte produsent.
- Inntransport: Vi må sjå eigarrolla vår, må sjå det totaløkonomisk, korleis vi som eigarar opptre
- Inntransport tema også på Nordmøre, anbefalte møter med transportørar. Transportørane må ha tillit til at Nortura opptre ryddig, så dei slepp å bruke oss som eigarar.
- Marknadssituasjonen storfe og signal om auke i produksjon
- Dyrehelse storfe og tiltak
- Olav Håkon tek tlf til sine ansvarskretsar for å høyre kva som kan kome på kretsmøta. Oppfordrar dei andre i AU til å gjere det same, og melde vidare til Brit Kari.
- Øyremerker etter fylkessamanslåinga – manglande info no

Brit Kari

Vedtak: Adm jobbar vidare med førebuingane til kretsmøta.

5 **Representasjon på årsmøter**

- 2. mars: Felles årsmøte Nord- og Sør-Trøndelag Bonde- og småbrukarlag: **Ragnar**
- 2. – 3. mars: Møre og Romsdal Bondelag konferanse og årsmøte: **Olav Håkon**
- 13. mars: Sør-Trøndelag Bondelag årsmøte: **Lars Morten**
- 15. mars: Nord-Trøndelag Bondelag årsmøte: **Johan Kristian**
- ??: Årsmøte Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag: **BK /Olav Håkon sjekkar**

Brit Kari/
Olav Håkon

Innspel/kommentarar:

- Innspelsmøte før jordbruksforhandlingane: Olav Håkon deltek i M&R

Vedtak: AU vedtek representasjon på årsmøta som presentert ovanfor.

6 **Oppnemning av representant til Midtnorsk samarbeidsråd**

Representant og vara skal oppnemnast, jf mail frå Midtnorsk samarbeidsråd.

Vedtak: AU oppnemner Olav Håkon som representant til Midtnorsk samarbeidsråd, med Lars Morten som vara.

7 **Orientering økt verdiskaping kjøtt Midt-Norge**

Lars Morten orienterte om at prosjektet har 2,5 mill i finansiering på plass, manglar Innovasjon Norge enno som m.a. ynskjer andre aktørar. Innstilt på å setje i gang slik det er finansiert no.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

8 **Orientering frå Landbruksmøtet i M&R 16.01**

Olav Håkon orienterte om splitting i M&R, toppa seg med vedtaket om at Levande Landbruk ikkje skal arrangerast i Molde. Klare signal om at M&R ynskjer deltaking i landbruksrådet, Grønn forskning og Landbruk 21, jobbast vidare med.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

9 **Klyngesamarbeid i næringsmiddelindustrien i Midt-Norge**

Lars Morten orienterte om initiativ frå Landbruk 21 til klyngesamarbeid for å betre konkurransesituasjonen for næringsmiddelindustrien i Midt-Norge. Møte med styremedlemene i samvirkebasert industri snart, planlegg samarbeid blå og grøn industri.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

10 **Eventuelt**

- Prosjekt Optimalisering og kompetanseheving i M&R v/Olav Håkon: Brit Kari orienterte om prosjektet. Lars Morten vil omarbeide prosjektet, med fokus på dyrevelferd og tydelegare på aktivitet og målsetting. Roy informerte om ressursituasjonen, fått press om at Nortura må ta førarsetet. Krevjande med gjennomslag for tilsetjing i noverande situasjon, men stillingar finansiert eksternt har det i alle fall tidlegare vore rom for.
- Kylling v/Johan Kristian: 2 av dagens 39 kyllingprodusentar har avtalt omstilling til egg, ingen torer å gjere investeringar i sin produksjon no. Økonomisk og psykisk belastning.